

Alexander Bue Gjerstad
Fløsvikvegen 42
5915 HJELMÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/3212 - 22/65299

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2022

Løyve til oppføring av forstøtningsmur og trapp - gbnr 195/67 Leiknes

Administrativt vedtak: **Saknr: 940/22**
Tiltakshavar: Alexander Bue Gjerstad
Ansvarleg søker: Alexander Bue Gjerstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for oppføring av forstøtningsmurar og trapp på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 26.02.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**

Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§20-1, 20-4 a).

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av forstøtningsmurar og trapp på eigedommen gbnr 195/67 Leiknes.

Trappa skal ha bredde på 1,2 meter og skal utførast av vangar i tre og galvaniserte trinn. Trinna holdar same farge som fjellet bak, så målet med dette er at trappen glir

inn i terrenget og er trygg å nytta om vinteren. Trappa skal nyttast som tilkomst til naustetomt.

Mur 1 skal ha lengde på 8,5 meter, mur 2 skal ha lengde på 7,5 meter, høgd på murar skal vere maks.1,4 meter.

Krav til avstand mellom mur og vegkant for å sikre forsvarleg drift og vedlikehald av veg bør være minst 1,0 meter. Mellom mur og vegkant bør grøft være opparbeida slik at området ikkje innbyr til parkering/ hen setting av sikthindringar og/eller etablering av tiltak som kan ta sikt. Grøfter skal alltid ha fall frå vegkant. Fallet bør være stort nok til at det hindrar parkere langs muren. Det kan òg vere lurt å ta med at dersom mur kjem innanfor avkjørsla sin siksone, skal mur ha ei maks høgde som er under 0,5 meter. Murer som har høgde på 0,5 meter i siktsoner kan utlyse krav om gjerde, jf. Tek 17 § 8-3 tredje ledd bokstav b

Det vert elles vist til søknad motteken 09.04.21 og supplert 29.08.22.

Sakshandsamingsfrist


Søknaden var ikkje komplett då han var motteken.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå tiltakshavar 29.08.22.

Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Fløsvika, gnr 196, bnr 4 m. fl med plannamn/id 1263-201009 er definert som bustadføremål BFS7 og naustføremål BUN 3.



Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Det står i pkt. 2.1 tredje avsnitt i planen at:

«..Det kan etablerast forstøtningsmurar, vregar og anna teknisk veganlegg utanfor byggjegrensene».

Trapp vurderast som naudsyn tiltak for tilkomst til naustetomt og utløysar ingen dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Samferdsel-, veg, vatn og avløp.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 26.02.19.

På situasjonsplanen er minste avstand frå murar til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gnr. 195 bnr. 2 har i dokument datert 07.04.21 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert utanfor byggegrense i plan. Det er tillate i planen med mindre tiltak i strid med regulerte byggjegrenser.

Avstand til midten av privat veg er opplyst å vere 4,0 meter.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg.

Avkjørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppphaldsareal, gangtilkomst, parkering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har tiltakshavar opplyst at:

«Trappen vil bestå av vanger i tre og galvaniserte trinn.
Trinnene holder samme farge som fjellet bak, så målet med dette er at
trappen glir inn i terrenget og er trygg å bruke om vinteren.

Det er ikkje ynskeleg for oss med så store inngrep på tomten, når ein kan unngå dette ved å anlegge ein enkel trapp, ref. søknaden, som kan følge terrenget i størst mogleg grad. Dette er den beste løysing, arkitektonisk og ein unngår unødvendig inngrep i naturen.

Tolkning av definisjonen "teknisk veganlegg", må vel kunne seiast er da riktige her, der ein trenger tilknytning mellom bustad og naust.

Da er ca. 7-8 meter høgdeforskjell mellom planert utenomhus-område og naust-tomt. Ved å anlegge veg, vert inngrepet enormt og dette er ikkje ynskeleg for vår del.»

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.

- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttat fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/3212

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan_gnr 195_bnr 67_Fløsvika_tørrmur og trapp, vedlegg D 1
Tegning mur, vedlegg E 1 - 2

Mottakarar:

Alexander Bue Gjerstad

Fløsvikvegen 42 5915

HJELMÅS